



Ikkje rart at statsminister Solberg likte julemotivet til Inga Tveito.

OPPDATERT kl.22.Då statsminister Erna Solberg skulle velja julekortmotiv i år, ønskte ho eit kort med det finaste julmotivet frå Hordaland. Derfor lyste ho ut til ein fotokonkurrans. No er vinnarmotivet klart. Det er eit flott bilete med motiv frå Fjellandsbø. Fotograf er Inga Tveito frå Uskedalen som er lærar og busett i Bergen.

Inga er kjend for å vera ein dyktig og flittig amatør fotograf, og særleg har ho mange flotte naturmotiv. Ein stor del av desse er frå heimbygda Uskedalen. Ofte når vi treff Inga på tur er fotoapparatet ein sikker følgjesvein. Ho er kjend i fotomiljøet i Bergen for dei utsøkte bileta sine. Ho har også delt av dei med oss her på uskedalen.no.

No har ho altså sytt for at statsminister Erna Solberg sender julekort med Uskedalsmotiv til statstoppar rundt om i verda. Statsministeren sender julekort til mellom 6-700 menneske. Dette er både venner, bekjente og andre kontaktar, men òg statsleiarar som Barack Obama, David Cameron og Angela Merkel. Ja, til og med statsministeren i Kina og i Japan kjem til å få julemotiv frå Fjellandsbø i posten i år.

Inga Tveito vart intervjuet i ettermiddagssendinga til NRK Hordaland i dag og ho kunne fortelja at ho hadde sendt inn 2-3 bilde til konkurransen. Alle hadde motiv frå Fjellandsbø.

De kan høyra intervjuet på [NRK Hordaland her](#).

Her kan de lesa kva [NRK skriv på nettsida si om saka](#).

Innslag i Vestlandsrevyen kan de [sjå her frå 8:40 uti sendinga](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Inga Tveito